

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	21/215

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
025/2021	Formannskapet	PS	14.09.2021
040/2021	Kommunestyret	PS	23.09.2021

IKT Nordhordland - utviding med Aurland kommune og endring av samarbeidsavtale

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Aurland kommune har hatt som mål å få til ei IKT-drift- og digitaliseringsutvikling i tråd med stadig aukande nasjonale og lokale forventningar. Kommunen ønskte å etablere eit meir føremålstenleg IKT-samarbeid for kommunen, der dei kunne oppnå høgare satsing på digitalisering og betre tenester knytt til IKT-drift. Målsetninga for Aurland kommune er å få så god og profesjonell drift som mogeleg.

Aurland kommune evaluerte fleire ulike IKT-samarbeid. I hovudsak skilte IKT Nordhordland seg ut i forhold til ein gjennomarbeidd styringsmodell med særskilt satsing innafør Digitalisering og innovasjon, i tillegg til dei gode tenestene knytt til IKTNH. Det vart og lagt vekt på det nære samarbeidet med Digi Vestland.

Aurland har sidan 2020 hatt ei stor prosjektgruppe som har jobba med kartlegging og utarbeiding av sakspapir for å komme fram til ei riktig beslutning.

Aurland kommune har i utgreiinga si kome fram til at dei ønskjer å samarbeida med IKTNH. Både i formannskapet og kommunestyret har rådmannen sin tilråding vore einstemmig godkjent.

1. Tilråding frå rådmannen: Aurland kommune trer ut av ÅLA-samarbeidet innan IKT 31.12.2021,

jamfør KS-058/11.

2. Rådmannen får mynde til å utarbeide avtale med IKTNH.
3. Avtalen vert lagt fram for godkjenning i formannskapet 10. juni og kommunestyret 17. juni 2021.
4. Det blir sett av kr. 500.000,- til overgangskostnader og naudsynte investeringar.
5. Investeringane blir finansiert ved omdisponeringar på investeringsbudsjettet, og blir lagt fram i samband med handsaminga av 1. tertial 2021.

Vurdering

Basert på Aurland kommune sitt klåre ønskje om deltaking i IKTNH-samarbeidet, har IKTNH og DIR/NUI greidd ut nærare detaljar kring eit slikt samarbeid. Utgreiinga konkluderer med at ei slik utviding vil vera gunstig både for Aurland kommune, IKTNH og DIR, og har følgjande tilråding:

Ei utviding vil medføre betre utnytting av kapasitet og kompetanse i IKTNH. Dette vil frigjera økonomiske ressursar som kan styrkje utviklinga av betre tenester og arbeidsprosessar. Dette gir stort potensiale for gevinstrealisering i tenesteproduksjon og innbyggjardialog.

Prosjektet rår difor til at dei auka økonomiske ressursane vert nytta til å styrke innsatsen inn mot Digitalisering og Innovasjon sine behov i forbindelse med å utvikle fleire tenester, samt å auke servicegraden til dei eksisterande kommunane.

Endring av samarbeidsavtalen

Aurland kommune vert deltakar i § 19 samarbeidet på lik linje med dei noverande kommunane i samarbeidet. Dette medfører ei utviding av oppgåvefellesskapet og endring av samarbeidsavtalen. Styret i IKTNH har handsama den nye samarbeidsavtalen, og den er godkjent av representantskapet i IKTNH. Kommunestyra i alle deltakarkommunane, medrekna Aurland kommune, må godkjenna den nye samarbeidsavtalen før den vert gjeldande.

Konklusjon

Kommunelova§ 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefellesskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Utviding av IKT Nordhordland krev at alle medlemskommunane gjer like vedtak.

Rådmannen tilrår at kommunestyret føl framlegg til vedtak.

Formannskapet - 025/2021

FOR - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål.
Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

Kommunestyret - 040/2021

KS - behandling:

Rådmannen orienterte om saka og svara på spørsmål
Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap vert utvida med Aurland kommune.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap slik den ligg føre

Vedlegg:

Utgreiing - Utviding av IKT Nordhordland med Aurland kommune
Samarbeidsavtale IKT Nordhordland 2022 med Aurland